

**Fra:** Merethe Tvedt  
**Sendt:** 31. mars 2015 14:17  
**Til:** 'dag.kvammen@keeponliving.net'  
**Emne:** Bryggje oppført på gbnr 45/8 på Vikebø i Meland kommune

Hei!

Viser til mottatt mail journalført 18.02.2015 i Meland kommune. Administrasjonen har sett på naustet og ser at det truleg er oppført på bakgrunn av ein bruksrett svigerforeldra dine har på gbnr 45/8 på Vikebø.

Det ligg difor ikkje nokon eigedomsgrenser som viser bruksretten til naustet i arkivet til kommunen. Meland kommune har ikkje opplysningar om bruksrettar i arkivet sitt, og du må difor gå i skjøtet til naustet

eller til eigar av grunneigedommen som naustet er oppført på (gbnr 45/8) for å få avklaring på bruksretten din.

Administrasjonen kan opplyse om at alle tiltak som flytebryggjer, bryggjer og kaier i kommunen skal nabovarslast, og det skal gjevast vedtak av

Bergen og omland havnevesen etter lov om havner og farvann. I vurderinga etter lov om havner og farvann blir blant anna tilflott vurdert,

at ikkje nye tiltak hindrar til dømes eksisterande naust/bryggjer tilgang. Når godkjenning frå Bergen og omland havnevesen ligg føre gjev

Meland kommune endeleg godkjenning av tiltaket.

Administrasjonen har sendt ut førespurnad til grunneigar på gbnr 45/8 om oppført brygge, med frist om tilbakemelding om status på bryggja.

Om noko skulle vera uklart, ta gjerne kontakt!

Med vennleg helsing  
Merethe Tvedt  
Byggesakskonsulent  
Meland kommune